



Lars Sætre  
Birkebeinergaten 1  
5003 BERGEN

Dato: 13.04.2021  
Vår ref.: 21/01578-126

Ikkje offentleg jf. Offl § 13, fvl § 13.1

## Stadfesting av motteken klage på eigedomsskatt gbnr.351/1/6

Me har motteke klage på eigedomsskattetaksten på dykkar eigedom. Dette brevet er å sjå på som eit førebels svar i tråd med forvaltningslova

Videre saksgang er at klagen først skal handsamast av Sakkunnig takstnemnd. Dersom nemnda tar klagen til fylgje vert saka avslutta der. Dersom nemnda ikkje tar klagen til fylgje blir den sendt vidare til Klagenemnda for eigedomsskatt, jf. eigedomsskattelova § 20.

Klagefristen går ut 12. april, og me treng litt tid til å skaffa oversikt slik at nemnda kan ha et godt utgangspunkt for å handsame like saker på ein lik måte.

Handsaming av klagene vil starte i Sakkunnig nemnd i løpet av mai, og pågå fortløpande framover. Me tek sikte på å vera ferdig med klagehandsaming i løpet av dette året.

Faktura for første termin er allereie utsendt, og me ber om at du betaler denne så sant anna avtale ikkje er inngått. Dersom klagen din blir tatt til fylgje vil for mykje innbetalt eigedomsskatt bli tilbakebetalt, jf eigedomsskattelova § 25, 3. ledd:

*«Eigedomsskatten skal ytast til fastsett tid og med dei summene som først er fastsette, endå om det er sendt inn klage over utskrivninga eller utskrivingsgrunnlaget, eller dei står under prøving for ein klageinstans eller domstolane.»*

Med vennleg helsing  
Innbyggjarservice  
Voss herad

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur